



TINN KOMMUNE
Rådmann

Det kongelige miljøverndepartement
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Att.: Hege Feiring

MELDING OM VEDTAK

Deres ref:

Vår ref
2013/2822-4

Saksbeh:

Bjørn Bjørnsen, tlf. 35 08 25 73

Arkivkode:

K01

Dato:

28.06.2013

Melding om vedtak i Tinn Kommunestyre - Svar på høyring - Forslag til endringer i forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag samt invitasjon til å søkja om å delta i prøveordning med etablering av snøskuterløyper

Vi viser til vedlagt vedtak.

Tinn kommune sender fullstendig søknad om deltaking i prøveordning før 01.09.2013.

Med helsing


Bjørn Bjørnsen
miljøvernrådgjevar



TINN KOMMUNE

Arkiv: K01
 Saksnr.: 2013/2822-2
 Sakshands.: Bjørn Bjørnsen
 Dato: 12.06.2013

SAKSFRAMLEGG

Høring - Forslag til endringer i forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagde vassdrag samt invitasjon til å søkja om å delta i prøveordning med etablering av snøskuterløyper

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-------------------|-----------|------------|
| Tinn kommunestyre | 62/13 | 19.06.2013 |

Saksprotokoll i Tinn kommunestyre - 19.06.2013

kl 18:13

Behandling

Åsne Tverberg Fossheim SP var innvilget permisjon fra kl 15:00. Vara ikke tilgjengelig.
 Mimmi Kristin Skårberg H var innvilget permisjon fra kl 16:30
 Steinar Miland SV var innvilget permisjon fra kl 17:00 – ingen vararepresentant.
 Tor Helge Flåto V var innvilget permisjon fra kl 14:00. Vara etter kl 16:00 ikke tilgjengelig.
 Astri Klonteig AP var innvilget permisjon fra kl 17:00 – Mahvash Javid Abedi AP vararepresentant.

24 representanter var tilstede under behandling av søknaden.

Representant Finn Arild Bystrøm AP og Jenny Grønstad AP fremmet følgende tilleggsforslag på vegne av AP:

“ Tinn kommune søker om å bli en prøvekommune for etablering av snøskuterløyper
 ifm endringene i loven for motorferdsel i utmark”

Ved votering ble rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

Tilleggsforslag fremmet av representantene Bystrøm og Grønstad AP ble vedtatt med 20 mot 4 stemmer.

Vedtak

Tinn kommune påpeikar at høyringsfrist 27. juni og søknadsfrist 1. september er uforsvarleg kort for naudsynt politisk handsaming når brevet frå MD fyrst kjem til oss 10. juni.

Tinn kommune har ikkje sterke innvendingar mot dei endringane som er føreslegne i forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag: § 3 ny bokstav j og bortfall av gammal § 5 fyrste ledd bokstav d.

Tinn kommune har heller ikkje sterke innvendingar til utforminga av forsøksordninga, slik den kjem særleg fram i forslaget til "forskrift om kommunalt forsøk med snøskuterløyper".

Når kommunen i praksis har hatt berre ein dag til utgreiing av denne saka er det openbart at ikkje alle forhold kunne vurderast så grundig som ein ynskjer.

Tinn kommune søker om å bli en prøvekommune for etablering av snøskuterløyper ifm endringene i loven for motorferdsel i utmark.

Rådmannens innstilling:

Tinn kommune påpeikar at høyringsfrist 27. juni og søknadsfrist 1. september er uforsvarleg kort for naudsynt politisk handsaming når brevet frå MD fyrst kjem til oss 10. juni.

Tinn kommune vil vurdere om ein bør søkja om deltaking i prøveprosjekt med etablering av snøskuterløyper. Spørsmålet skal utgreiast av administrasjonen og det skal leggjast fram sak til politisk handsaming etter sommarferien.

Tinn kommune har ikkje sterke innvendingar mot dei endringane som er føreslegne i forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag: § 3 ny bokstav j og bortfall av gammal § 5 fyrste ledd bokstav d.

Tinn kommune har heller ikkje sterke innvendingar til utforminga av forsøksordninga, slik den kjem særleg fram i forslaget til "forskrift om kommunalt forsøk med snøskuterløyper".

Når kommunen i praksis har hatt berre ein dag til utgreiing av denne saka er det openbart at ikkje alle forhold kunne vurderast så grundig som ein ynskjer.

Innleiing:

Det har vore arbeidd med revisjon av motorferdsellova med forskrifter over to valperiodar. Eit vesentleg politisk stridsspørsmål på nasjonalt nivå har vore om det skal opnast for rekreasjonskøyering med snøskuter langs faste løyper fastsett av kommunane på grunnlag av vedtekne planar utarbeida etter plan- og bygningslova. Regjeringa ved Miljøverndepartementet har nå sendt ut brev med invitasjon til kommunane om å søkja om å verta med på ei ny forsøksordning for rekreasjonskøyering langs faste trasear. Denne invitasjonen er sendt ut saman med forslag til nokon endringar i forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag. Brevet frå MD er dagsett 30.05 men kom fyrst til kommunen sitt postmottak 10.06 (jf. Vedlegg). Når høyringsfrist er sett til 27.06 vert det då uråd å førebu saka skikkeleg til handsaming i politiske utval og i kommunestyret.

Det er sendt e-post til MD og bede om utsett søknadsfrist til 12.09.

Fakta:

Av 4 endringar som er føreslått i forskrift om bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag, gjeld 1 forslag tilknytting til løypenett i Sverige for kommunar ved grensa og 1 forslag gjeld tilknytting til eksisterande løypenett i Nord Troms og Finmark. Den eine av endringane som vil ha verknad for Tinn er ny § 3j som gjev kommunen heimel til å nytta motorkøyretøy i utmark ved ettersøk av skadd storvilt utanom ordinær jakt. Den andre er oppheving av § 5 fyrste ledd bokstav d ("utmarksnæring for fastbuande") I 2009 vart det teke inn i forskrifta ein § 5a som i stor grad dekkjer same området.

Regjeringa oppfattar det slik at dei forsøksordningane med rekreasjonsløyper for snøskuter som er gjennomført i 7 kommunar rundt om i landet ikkje har gjeve godt nok kunnskapsgrunnlag for å vedta dette som ein ordinær ordning for heile landet. Difor har dei sett i gang eit nytt forsøk som skal omfatta 33 kommunar i tillegg, i alt 40. Dette gjeld kommunar i "distriktpolitisk virkeområde", slik som Tinn, som kan søkja innan 01.09.13. Ordninga vil maksimalt kunne vara fram til 2018.

Sidan dette er ei prøveordning må denne forankrast i lov om forsøk i offentleg forvaltning ved ei forskrift som vert vedteken av kvart einskild kommunestyre. MD har sendt ut forslag til slik forskrift saman med tilbodet om å få søkja om å verta med i prøveordninga. Det er sett som ein føresetnad for å delta at kommunen vedtek forskrifta slik som ho er utforma av MD. § 1 definerer formålet med forsøket. Etter § 2 får kommunen mynde til å etablere løyper for snøskuter, men det føresett at desse vert innarbeida i arealplan eller reguleringsplan og planarbeidet skal ta omsyn til alle miljøverknadar. Det er og ein føresetnad at det på førehand er innhenta løyve frå alle berørte grunneigarar. § 3 inneheld viktige avgrensingar, slik at snøskuterløype ikkje kan leggjast i verneområde, nasjonalt villreinområde, inngrepsfrie område med avstand 3 km meir til tekniske inngrep, det må ikkje medføra terrenginngrep og løype må heller ikkje leggjast i skredutsett eller bratt terreng. Kommunen må laga forskrifter for bruken av skuterløypene (jf. §4). Fylkesmannen får mynde etter § 5 til å koma med motsegn til planforslag som inneheld snøskuterløyper, dersom desse påverkar viktige miljøverdiar.

Tinn snøskuterklubb har oppmoda kommunen om å søkja om å få vera med i den nye forsøksordninga (jf. Vedlegg).

Også internt i Tinn er det viktige forhold som må vurderast før det eventuelt vert gjort vedtak om å søkja om å vera med i prøveordninga. T.d. har vi hatt mindre påtrykk om dette enn i nokon av grannekommunane. Truleg er dette resultat av Tinn over tid har hatt ein velorganisert forvaltning av motorferdselen m.a. i samarbeid med grunneigarane. Tinn kommune har og for nokså lang tid attende opna for at det vart etablert bane for køyring med snøskuter og ATV. Før ein søkjer må det og gjerast ein vurdering av kva som er mogleg å få til av snøskuterløyper. Forsøksordninga sett nokså store krav til oppfylging til kommunane som deltek. Dette vil krevja at det vert brukt ein god del økonomiske og menneskelege ressursar.

Vurdering:

Ny § 3j i forskrift om bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag vil ikkje gjelda ettersøk som jegerar gjennomfører etter skadeskjoting under ordinær storviltjakt, berre for ettersøk som kommunen er pålagt og som er grunna i omsyn til dyrevelferd. Størst omfang har i så måte storvilt som vert påkøyrt på veg og jarnbane. Dette er ein type motorferdsel som det ikkje er sannsynleg at vil verta svært omfattande. Ein mangel ved høyringsdokumentet er at det ikkje er gjort greie for forholdet til grunneigar. Vil kommunen måtte innhenta løyve frå grunneigar før ein eventuelt gjennomfører slik motorferdsel.

§ 5 fyrste ledd bokstav d i forskrifta og § 5a omfattar både at kommunen kan gje løyve til utøving av motorferdsel i utmarksnæring. Også for sakshandsaming i Tinn kommune har det vore uklart korleis ein skal forhalda seg til at den "gamle" paragrafen ikkje vart sletta då det vart innført ein ny i 2009 som omfatta mykje av det same. Etter vanleg lovforståing har § 5a størst tyngde fordi denne er nyast. Ingen av desse heimlane opnar for skutersafari som opplevingsprodukt. § 5a innskjerpar noko at utmarksnæringa må ha dokumentert inntekt og at ikkje omfattar persontranstransport.

Prøveordninga som MD har definert gjennom forslaget til "forskrift om kommunalt forsøk med snøskuterløyper" inneheld mange avgrensingar for korleis det kan leggjast til rette for rekreasjonskøyring med snøskuter. Mange ordførar rundt i landet har argumentert for større grad av kommunalt sjølvstyre i forvaltninga av motorferdsel. Blant partia på Storting har det vore støtte for dette. Men også for mange av desse har det vore ein føresetnad at det skal knytast til eit planarbeid etter plan- og bygningslova, som vil medføra sterke avgrensingar.

Det viktigaste spørsmålet kommunen no må ta stilling til er om ein ynskjer å søkja om å få vera med i den nye forsøksordninga. Det er mange forhold knytt til dette som det ikkje har vore tid til å gå gjennom. Arbeideid med saka er i startfasen enno.

Kommunen står fritt til å uttale seg om det ein vurderer som viktig når ein får saker på høyring frå departementet. Dette gjeld og utforming og omfang av forslaget til forsøksordning.

Konklusjon:

Både innføringa av ny § 3j og oppheving av § 5 fyrste ledd bokstav d i forskrift om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag kan vurderast som "kvardagsendringar".

Spørsmålet om kommunen skal søkja om å vera med på den nye forsøksordninga er viktig. Fordi brevet frå MD kom altfor seint har det ikkje vore mogleg å opplysa saka forsvarleg. Det vil måtte omfatte ein god del utgreiingsarbeid som må utførast forut for den politiske handsaminga. Denne saka må ein rekna med at vil vekka stort engasjement blant innbyggjarar i kommunen og mange viktige interesser og omsyn vert påverka. Difor er gjennomføringa av den politiske prosessen svært viktig.

Journalposter i saken:

| | | | | |
|---|---|------------|--|------------------------------------|
| 1 | I | 11.06.2013 | Høring - Forslag til endringer i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag samt invitasjon til å søke om å delta i forsøksordning med etablering av snøscooterløyper | Det kongelige miljøverndepartement |
| 2 | S | 12.06.2013 | Høring - Forslag til endringer i forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag samt invitasjon til å søkja om å delta i prøveordning med etablering av snøskuterløyper | |



TINN KOMMUNE
Rådmann



Dan Roger Pedersen
Milandveien 19
3658 MILAND

| | | | | |
|------------|-------------|-------------------------------------|------------|------------|
| Deres ref: | Vår ref | Saksbeh: | Arkivkode: | Dato: |
| | 2012/247-17 | Øivind Rogne Olsen, tlf.35 08 25 74 | 611 | 28.06.2013 |

Oversendelse av skjøte for underskrift.

Vi viser til din telefonhenvendelse i dag.

Vedlagt følger skjøte som vi ber deg undertegne. Du må også få to vitner til å bevitne din underskrift på skjøtet. Men dersom du kommer hit med det, kan jeg bevitne din underskrift.

Du kan velge om du vil sende inn skjøtet til tinglysing hos Statens Kartverk selv eller om du vil at vi skal gjøre.

Med vennlig hilsen

Øivind Rogne Olsen
Juridisk rådgiver

Vedlegg:
1 Skjøte